

Kinn kommune

## ► **Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår**

Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar

Tufta på føresetnadane i Bruksplanen 2020-2035

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 1 Versjon: **Rapport** Dato: 2023-11-03



## Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 1 Versjon: Rapport

**Oppdragsgjevar:** Kinn kommune  
**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Runa Nybakk  
**Rådgjevar** Norconsult, avdeling skule og barnehage  
**Oppdragsleiar:** Terje Gregersen  
**Fagansvarleg:** Harald Høgh  
**Andre nøkkelpersonar:** Kristoffer Røksund Hansen

Rapport	2023-11-03	Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår	TERGRE	TERGRE	HAHO
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Innhald

<b>1</b>	<b>Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår</b>	<b>4</b>
1.1	Lik kvalitet for mindre ressursar	4
1.2	Status og utfordringar	5
1.3	Ved vurdering av skulestruktur – sentrale dokument og tema	7
<b>2</b>	<b>Tenestebehov, kapasitet og økonomi</b>	<b>8</b>
2.1	Samla tal barnehage (førskuleborn 1-5 år)	8
2.2	Grunnskule	12
2.3	Økonomiske føresetnader for oppvekst og undervisning	23
<b>3</b>	<b>Strukturelle moglegheiter</b>	<b>25</b>
3.1	Barnehage – ingen framlegg til strukturelle endringar	25
3.2	Grunnskule – tre vurderte moglege løysingar	25
3.3	Skuleskyss og reisetid	25
3.4	Evaluering og vurderingspunkt for val av skulestruktur	30
3.5	Utvalde vurderings- og evalueringstema for val av ny skulestruktur	31
3.6	Evalueringsmetode	37
3.7	Moglegheit 0: Same lokaliseringa / inga strukturelle effektiviseringsgevinstar	38
3.8	Moglegheit 1: Moderat strukturell omlegging / moderat effektiviseringsgevinst	41
3.9	Moglegheit 2: Stor strukturell omlegging / stor effektiviseringsgevinst	44
3.10	Samanstilling	47
<b>4</b>	<b>Endring i struktur gjev effektiviseringsgevinstar</b>	<b>48</b>
4.1	Økonomiske føresetnader	48
4.2	LCC – berekning (årlege driftskostnader)	49

# 1 Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

## 1.1 Lik kvalitet for mindre ressursar

Norconsult bistår kommunen med å oppdatere og revidere eksisterande behovsanalysar frå førre Bruksplan 2020-2035 – og for å sjå på korleis oppvekstsektoren kan tilpassast ei framtid med reduserte økonomiske rammer som følgje av stor elevtalsnedgang.

Heile kommuneorganisasjonen må tilpasse seg ei framtid med auka innsats til eldre innbyggjarar i Kinn.

Ei slik omlegging vil krevje at alle tenestemråde bidreg til omstilling – og riggar sine respektive organisasjonar slik at dei kan produsere tenestene med lik kvalitet og meir effektivt.

Det er difor sett i gang eit internt arbeid for å møte den nye økonomiske og kapasitetsmessige røynda.

I hovudsak går arbeidet ut på ein to-delt strategi for å tilpasse oppvekstsektoren til effektiviseringskrav i økonomiplanen og nye tenestebehov i kommuneplanen sin samfunnsdel slik:

1. Nye ressurs- og budsjetteringsmodellar
2. Større og færre grunnskular – mindre kostnad pr. elev.

### Ad1 over

Kinn kommune har i samarbeid med Agenda Kaupang fått utarbeidd nye ressurs- og budsjetteringsmodellar for barnehage og grunnskule. Modellane bidreg til å få ned store kostnadsdrivarar i barnehage og grunnskule kor Kinn kommune ligg høgt samanlikna med andre kommunar. Det er eit handlingsrom for å sjå på korleis rammetimar og ressursar vert fordelt. Vidare «pirkar» eit slikt arbeid i internt samarbeid og korleis ressursane i og rundt born og elevar vert nytta. Nye tildelingsmodellar er tufta på rettvisse fordelingsprinsipp – og gjev forseielege rammer for skule- og barnehagedrifta.

### Ad 2 over

Dersom oppvekstsektoren skal imøtekomma dei store årlege reduserte overføringane – må brorparten av effektiviseringsgevinsten og innsparingspotensialet komme gjennom strukturelle grep. **Det må etablerast større grunnskular som kan fordele skulekostnaden på fleire elevar.** I dag driftar Kinn kommune 11 grunnskular. I 2032 vil tre skular ha eit elevtal langt under 100 elevar, fem skular vil ha eit elevtal mellom 100 – 200 elevar og tre skular vil ha 200 elevar og fleire.

KS sin rettleier for kommuneøkonomi tilseier tre metodar for å redusere utgiftene på:

1. Effektivisering
2. Sjå på nivå / terskel for korleis tenestene vert produsert / levert
3. Endring i tenestestruktur og lokalisering

Desse tre punkta er prøvd svarta ut i denne utgreiinga.

### **Kvifor drøfte lokalisering av tenestestruktur innan oppvekstfeltet?**

Føremålet med utgreiinga er å gje eit oppdatering av fagleg grunnlag for å drøfte korleis oppvekstsektoren kan tilpassa seg dei nye rammevilkåra.

Behovet for å vurdere grunnskulelokaliseringane er tufta på :

- Reduserte inntekter – tufta på dagens reglar for rammeoverføringar vil Kinn kommune få anslagsvis **kr. 67 mill. i mindre overføringar** til grunnskuleføremålet i 2035 (2022-kroner)
- **440 færre elevar** i 2035 enn inneverande skuleår 2023/24 – ubalanse i skulekapasitet og elevmengde
- Nedgangen gjev kommunen store utfordringar i høve samansetning og **rekruttering av pedagogisk kompetanse** og leiarkompetanse.

### Behov for revisjon av samfunnsdelen

Det er behov for å revidere samfunnsdelen for å møte utfordringane knytt til demografiendringar som færre elevar og nye økonomiske rammer. Revisjonen skal i sterkare grad ta inn økonomisk handlingsrom som premiss for utvikling av kommunen. Gjeldande samfunnsdel har innsatsområde, hovudmål og strategiar. For å gje tydeligare retning vil revisjonen fokusere på færre delmål i staden for mange strategiske retningar.

Ut frå utfordringsbildet er det peika ut tre innsatsområde for revisjon av samfunnsdelen slik:

- **Omstilling i oppvekst med fokus på demografi, førebygging, samskaping og inkludering**
- Omstilling i helse og velferd med fokus på demografi, samskaping, redusert tilgjengeleg arbeidskraft og auka behov for tenester
- Omstilling innan samfunn, kultur og miljø med fokus på demografi og berekraftig samfunnsutvikling

Kommunen står ovanfor stor elevtalsnedgang – og det er behov for å drøfte korleis barnehage og skuletenestene skal produsast i framtida. Mindre pengar og færre born og elevar gjev grunnlag for å tilpasse organisasjonen til nye rammer i høve kvalitet, kapasitet og økonomi.

Denne rapporten gjev oppdaterte behovsanalysar tufta på Kompas-prognosen frå 2023. Vidare er det synt korleis strukturelle grep kan syte for langsiktige effektiviseringsgevinstar og bidra til at oppvekstsektoren tilpassar utgiftene til reduserte inntekter / rammeoverføringar frå staten.

## 1.2 Status og utfordringar

### Barnehage

- Barnehagane **ligg nært** og har **ei funksjonell lokalisering** i høve behova.
  - Ingen kommunale barnehagetilbod i sentrum av Måløy
  - Med realiseringa av nye Nepjarhaugen barnehage (Nyeimvegen, Dalvegen og Nepjarhaugen) og tiltaka ved Holvik, er det **gode pedagogiske og økonomiske storleikar** i dei kommunale barnehagane i Kinn.
  - Det er samla god **bygningsmessig og pedagogisk funksjonell kvalitet** på dei kommunale barnehageanlegga
  - Brandsøy barnehage er **ny**.
- **Barnehagekapasitet.** God balanse på behov og kapasitet.
- Skavøypoll, Storevatn og Havrenes er barnehagar som etterkvart drar på åra – og det vil komme bygningsmessige behov ved desse i framtida. Særleg gjeld dette for personal- og administrasjonsfunksjonane

## Grunnskule

- **Drifts- og investeringsøkonomi** : Reduserte statlege rammeoverføringar på inntektssida kombinert med store nedtrekkskrav på utgiftssida – set sektoren i eit stort økonomisk krysspress. Det er kun gjennom strukturelle grep at sektoren kan imøtekomme desse krava.
- **Vedlikehaldsetterslep og bygningsmessig funksjonalitet**: Låg funksjonalitet / eignaheit kombinert med låg tilstandsgrad på mange av bygga – og ei vidareføring av dagens lokalisering og organisering vil medføre investeringsbehov til vøling og rehabilitering – framfor ein investeringsprofil som vert nytta til **modernisering og fornying** av bygningsmassen. Eigeomsstrategiske grep tilseier at pengane må i størst mogleg grad må nyttast til nybygg.
- **Stor elevtalsnedgang** – i alle krinsar og skuleområde. Det er 440 færre elevar i grunnskulen i Kinn i 2035 – samanlikna med inneverande år. Dette tilsvarar dagens elevtal ved Florø ungdomsskule eller elevtalet ved Florø barneskule i skuleåret 2027/28.
- **Mykje ledig skulekapasitet** i nærast alle anlegg – **stor ubalanse** mellom behov og kapasitet – og mykje unytta kapasitet i delvis nye, moderne og funksjonelle anlegg. Kommunen må søke løysingar som fyller opp funksjonelle og moderne anlegg der dette er mogleg. Skulebygga litt tett på Florelandet og i Måløy
- **Rekruttering og kompetanseutvikling**. Grunnskulen vert spesialisert og kampen om lærar- og leiarkompetanse tilseier etablering av større fag- og elevmiljø. Kva vilkår skal læring produserast etter og kva gjev best kvalitet.
- Kommuneplan med samfunns- og arealdel. Skulane må byggje opp under senterstruktur og samstundes må kommunen kunne stø opp under levende grender.
- Ei desentralisert grunnskuleteneste med **mange** grunnskular under 100 elevar.
- Stor samla **elevtalsnedgang** i kommunen generelt
  - Delvis stor elevtalsnedgang for **Florø barneskule** og på lang sikt for ungdomsskulane – også Raudeberg skule og Brandsøy skule får stor nedgang.
  - Elevtalsnedgang ved resten av skulane -
  - Stavang får eit elevtalsgrunnlag på 8-10 elevar.
  - Delvis stabil elevtalsutvikling ved Torvmyrane, Krokane og Skram skule.
- Det er utført historisk investeringar i **nye skuleanlegg** i heile kommunen. Vågsøy ungdomsskule, Brandsøy skule og barnehage og Eikefjord barne- og ungdomsskule er døme på moderne og funksjonelle anlegg. Vidare er Florø ungdomsskule og Torvmyrane også funksjonelle grunnskular. Krokane og Skavøypoll er skular som er gamle og har trong for utbetringar. Florø barneskule har med «nybygget» fått betre fysiske og kapasitetsmessige tilhøve. Framleis er det funksjonelle utfordringar og behov i hovudbygget som bør løysast i framtida. Skram skule er av låg bygningsmessig standard med låg pedagogisk funksjonalitet – her er det vedteke nybygg
- Nye moderne og kostbare anlegg som ligg sentralt i kommunen bør sikrast **større elevtalsgrunnlag**
- **Språkdeling** ved Skram skule, gjev auka delingsproblematikk med påfølgjande kapasitets- og kostnadsutfordringar.
- **Ungdomsstega** er godt avstemt geografisk og demografisk – og har ei funksjonell tenesteorganisering med dagens lokaliseringar. Desse skulane er moderne, funksjonelle og framtidsretta anlegg. Det vil vere plass til ungdomssteget i Eikefjord på Florø ungdomsskule.

### 1.3 Ved vurdering av skulestruktur – sentrale dokument og tema

#### 1.3.1 Rundskriv Udir-2-2012

##### Rundskriv som er aktuell i samband med saker som gjeld endring av skulekringsgrenser

- Rundskriv Udir-2-2012 gjev særskilde sakshandsamingsreglar for kommunar som eventuelt vurderer å endre på skulekringsgrensene eller vurderer å leggje ned eksisterande skuletilbod. Kommunen si sakshandsaming for denne utgreinga er bygd på dei prosessuelle retningslinene i dette rundskrivet.
- I rundskrivet 2-12 går det fram at det i samband med nedlegging av skular og endring av kringgrenser skal gjennomførast vurderingar av barn sitt beste.

#### 1.3.2 Barns beste vurdering

FNs barnekonvensjon stadfester barns rettigheter uavhengig av funksjonsnivå. I § 23 vektlegges også retten til å leve et fullverdig og anstendig liv under forhold som sikrer barnets verdighet, fremmer selvtilit, og letter dets aktive deltakelse i samfunnet.

I ei utgreiing om barnehage- og skulestruktur i Namsskogan omtalte Norconsult slike kriteria og vurderingsområder i samband med barns-beste vurdering.


Barns beste-vurderingskriterier	Vurderingsområder
<p><b>Barns fysiske og psykiske miljø</b></p> <p>Anlegget gir likeverdige rammer lek utvikling og læring</p> <p>Anlegg er funksjonelt og gir rom for variasjon i organisering</p> <p>Barnehagen/skolen har kompetent og forsvarlig bemanning i henhold til norm og lovkrav</p> <p>Tilbudet bidrar til inkluderende fellesskap, læring og utvikling og livsmestring</p>	<p><b>Bygningsmessig kvalitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Universell utforming</li> <li>• Bygningsmessig kvalitet (materiale, luft, lyd, lys, etc)</li> <li>• Sikkerhet i og rundt bygningen</li> </ul> <p><b>Pedagogisk funksjonalitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mulighet for progresjon i utvikling for alle barn</li> <li>• Mulighet for variasjon</li> <li>• Tilgang til uteområder og natur</li> </ul> <p><b>Pedagogiske ressurser</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilgang til kompetent personale</li> <li>• Profesjonelt fagmiljø</li> <li>• Variasjon i tilbud</li> <li>• Psykososialt miljø</li> </ul>
<p><b>Forhold i barns sosiale-, helse- og bomiljø</b></p> <p>anlegget er bidrar til å bygge gode sosiale relasjoner, ivareta kulturelle forhold og er helsefremmende.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Geografisk tilgang</li> <li>• Tilknytning til nærmiljøet</li> <li>• Overgang mellom barnehage og skole</li> <li>• Tilgang til kultur/ idrett /fritid</li> </ul>
<p><b>Barns sikkerhet og ytre miljø:</b></p> <p>Anlegget er tilgjengelig og er tilknyttet et nærmiljø eller en kontekst som er et positivt bidrag i den pedagogiske virksomheten.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Infrastruktur rundt anleggene</li> <li>• Trafikksikkerhet</li> <li>• Miljøkartlegging</li> <li>• Mobilitet</li> </ul>

Desse kriteria er vurdert inn i evalueringsmatrisa seinare i rapporten.

## 2 Tenestebehov, kapasitet og økonomi


### 2.1 Samla tal barnehage (førskuleborn 1-5 år)

Grunnlaget frå Kompas-prognosen er lagt inn for førskuleborn 1-5 år – og tala syner stabil langsiktig utvikling med potensial for noko vekst. Tal førskuleborn er forventa å liggje mellom 800-830 born i dei neste 10 åra.



Prognosen er tufta på fleire føresetnader og eventuelle endringar i desse vil påverke prognosen. Kinn kommune kan til dømes få fleire tilflyttarar i høve utanlandsk innvandring ma. som følgje av krigen i Ukraina. Slike effektar er vanskeleg å prolongere i ei framskriving av folkesetnaden.






Det er god balanse mellom tilgjengelege barnehageplassar og tal førskuleborn på kommunenivå. Figuren over inkluderer kapasiteten i nye Nepjarhaugen barnehage – som erstattar barnehagane Dalevegen, Nyheimvegen og gamle Nepjarhaugen.

Kinn kommune har 937 barnehageplassar (einingar) – 652 kommunale plassar og 285 private plassar.

Ved ein dekningsgrad på 96% (raud strek over) er det god tilgang på barnehageplassar på kommunenivå.


## 2.1.1 Barnehagekapasitet og behov på Florelandet



Kompass-prognosen gjev stabil utvikling i tal førskuleborn på Florelandet (skulekretsane Brandsøy, Torvmyrane, Krokane, Stavang og Florø). Samla barnehagekapasitet tilseier 604 plassar på Florelandet – 456 plassar i kommunale barnehagar og 148 plassar i private barnehagar. Med opninga av nye Nøpjarhaugen barnehage har kommunen redusert kapasiteten - samanlikna med situasjonen før nye Nøpjarhaugen.


Samla sett er det god balanse mellom tilbod og etterspørsel etter barnehageplassar på Florelandet.

## 2.1.2 Barnehagekapasitet og behov i Eikefjord



Tal førskuleborn (1-5 år) i Eikefjord vert forventa til å ligge rundt 60 born framover mot 2030. Det er registrert 60 kommunale plassar i Eikefjord barnehage. Også her er det god balanse mellom plassar og born, sjølv om figurane over syner ei lita underdekning på lang sikt.


### 2.1.3 Barnehagekapasitet og behov i Måløy




Kompass-prognosen forventar ein auke i tal førskuleborn frå om lag 250 born til 275 born på lang sikt. Det er god balanse mellom tilbud og etterspurnad i Måløy – og om auken i tal førskuleborn vert realisert – er det grunnlag for å etablere noko fleire barnehageplassar på lang sikt.

## 2.2 Grunnskule

Kompas-prognosen syner årleg elevtalsnedgang innover i prognoseperioden - frå 2 200 elevar inneverande skuleår 2023/24 til 1 760 elevar mot slutten av perioden – ein nedgang på 440 elevar over 13 år.



### 2.2.1 Barnesteget på Florelandet og i Måløy




Elevtalsnedgangen slik denne er synt i Kompas for Florelandet og Måløy.

## 2.2.2 Skulekapasitet og elevtalsutvikling ved Torvmyrane skule


Torvmyrane skule får ifølgje Kompas-prognosen ei utvikling som tilseier stabil elevtalsutvikling på mellomlang sikt, med ein mindre nedgang på lang sikt.

Maksimal teoretisk skulekapasitet er sett til 300 elevar – og skulen er planlagt som ein 1,5 parallell skule. I Bruksplanen er det særleg framheva at skulen har lite areal til lærararbeidsplassar. Skulen kan forvente å få eit elevtal under 140 elevar på lang sikt.




### 2.2.3 Skulekapasitet og elevtalsutvikling ved Brandsøy skule

Brandsøy skule har historisk lagt rundt 100 elevar. Kompas-prognosen tilseier ein mindre elevtalsnedgang etter inneverande skuleår 2023/24 – og har eit langsiktig elevtalsgrunnlag på rundt 70 elevar.



Oppvekstsenteret er nytt og det er kapasitet til om lag 60 elevar til. Skulen kan forvente delvis ujamne årssteg med elevar frå 6 til 20 elevar i klassane. Mange små klassar, kan gje grunnlag for få-delt drift.

## 2.2.4 Skulekapasitet og prognose for Florø sentrum – Florø barneskole og Krokane skule




Ved dei to sentrumsskulane i Florø – har elevtalsnedgangen pågått sidan 2015. Det er vorten 130 færre barneskuleelevar i perioden 2015 og fram til inneverande skuleår 2023/24. Kompas-prognosen forventar ytterlegare nedgang fram til 2035 til 530 elevar. Dette gjev ein nedgang på om lag 210 elevar på barnesteget i sentrum over 20 år. Elevtalsnedgangen kjem og i sentrumsskulane i Kinn – og er ikkje eit «distriktsfenomen».

Merk at ein eventuell auka tilflytting av utanlandsk innvandring – fortrinnsvis frå Ukraina – ikkje ligg inne som føresetnad i Kompas-prognosen.

Samla skulekapasitet ved dei to sentrumsskulane ligg på maksimalt **930 elevar** (Florø barneskole 600 og Krokane skule 330). I bruksplanen vart skulekapasiteten ved Florø barneskole sett til 650 elevar fordelt i 25 klasserom. I samband med dette arbeidet er det valt å redusere elevkapasiteten ved skulen ned til 600 elevar – noko som gjev 24 elevar i klasseromma. Bakgrunnen for dette valet er at skulen disponerer lite støtteareal i og rundt klasseromma (små / lite garderober, få grupperom, låg funksjonalitet i bygningen).


## 2.2.5 Skulekapasitet og prognose for Stavang



Utifrå prognosen får Stavang eit elevtal rundt 8-10 elevar på lang sikt.




## 2.2.6 Skulekapasitet og prognose for Florø ungdomsskule



Florø ungdomsskule er ein 6-parallell skule med ein kapasitet på 540 elevar. Skulen har disponert eit delingsrom som kan nyttast til klasserom om det er behov for 7 klassar på eitt av årsstega.

Skulen kan forvente stabil elevtalsutvikling på kort, men elevtalsnedgangen på barnesteget vert merkbar på mellomlang sikt – og skulen kan få eit elevtal under 360 elevar på lang sikt. Ein slik nedgang inneberer at skulen vert ein 4 parallell ungdomsskule.


## 2.2.7 Skulekapasitet og prognose for Eikefjord (inkl. Steinhovden)



Kompass-prognosen tilseier elevtalsnedgang ved Eikefjord barne- og ungdomsskule. Skulen har hatt elevtal tett på 190 elevar historisk, og kan forvente ein nedgang til om lag 140-145 elevar på lang sikt. Skulen kan få årssteg som varierer og er ujamne i høve tal elevar – og nokre klassar kan liggje under 10 elevar medan andre klassar kan liggje over 20 elevar.

Steinhovden ligg inne i tala over.


## 2.2.8 Skulekapasitet og prognose Skram skule



Her er det synt ein skulekapasitet for Skram skule med utgangspunkt i prognosen frå Kompas innfor eige inntaksområde. Det største årssteget ved Skram skule er 52 elevar – den minste registrerte klassen er på 23 elevar, slik at kommunen kan forvente også her ujamne årssteg med tanke på elevtal.


Dersom det skjer endringar i bustadbygginga og flyttemønsteret i Måløy – vil dette påverke prognosen. Auka bustadbygging og fleire tilflyttarar som følgje av auka intern flytting og fleire frå Ukraina, vil påverke prognosen for Skram sitt inntaksområde. Tradisjonelt vil kommune- og kommunedelsentra vere attraktive for auka tilflytting og bustadbygging.

## 2.2.9 Skulekapasitet og prognose for Skavøypoll skule




Skavøypoll skule får ein årleg og gradvis nedgang i elevtalet – og kompas-prognosen tilseier eit langsiktig elevtal på rundt 120 elevar.

## 2.2.10 Skulekapasitet og prognose Raudeberg skule



Raudeberg skule har historisk hatt eit elevtal på over 100 elevar. Kompas-prognosen gjev ein nedgang i elevtalet i denne krinsen – og skulen kan få eit langsiktig elevtalsgrunnlag rett under 70 elevar.

### 2.2.11 Skulekapasitet og prognose Vågsøy ungdomsskule



Vågsøy ungdomsskule er eit anlegg som har vore godt tilpassa og dimensjonert for elevtal og elevtalsutviklinga i Måløy. I kompas-prognosen, vil nedgangen på barnesteget vere merkbar på mellomlang sikt – og skulen får eit elevtalsgrunnlag som tilseier 2 klassar pr årssteg eller 1 parallell mindre (3 klassar). Vågsøy ungdomsskule er ein moderne og funksjonell ungdomsskule.

## 2.3 Økonomiske føresetnader for oppvekst og undervisning

Oppvekstområdet får nedtrekk i ramme som ligg inne i økonomiplanen for 2023-2026. I tillegg kjem eit salderingskrav som sektoren må svare ut i samband med budsjettprosessen. Dette kapittelet omtaler tiltak og grep for korleis sektoren kan møte dei langsiktige utfordringane og endringane i rammevilkåra.

### 2.3.1 Ny budsjettmodell for barnehagane (Agenda Kaupang)

Kinn kommune har ei effektiv barnehageteneste med kvalitet. Kinn er rangert som 106 i effektivitet i Kommuneindeksen for 2023.

I førre Bruksplan vart det gjort naudsynte strukturelle grep for å tilpasse sektoren til langsiktige behov – og etablere større, moderne og meir effektive kommunale barnehageeiningar.

Det er utarbeidd framlegg til ny budsjettmodell for barnehagesektoren med føremål å syte for ei rettvis fordeling av utgiftene innan barnehagefeltet.


Utgiftene i modellen er om lag kr. 6 mill. lågare enn rekneskap for 2022 i løpande prisar og 12 mill. lågare i faste prisar (4% prisvekst). Tiltak som er nytta for å redusere utgiftene:

- Redusert volum: Tal plassar er redusert med 71 med utgangspunkt i faktisk opptak hausten 2023
- Auka produktivitet: Tal plassar per årsverk av avdelinga er auka frå 5,9 til 6,0
- Redusert volum: Styrkingstiltak for barn frå språklege minoritetar er redusert med om lag kr. 5 mill.

**Barnehagesektoren svarar ut effektiviseringsgevinsten gjennom ny budsjettmodell.**

### 2.3.2 Økonomiske rammer for grunnskule

Dersom ein tek utgangspunkt i «tommelfingerregelen» om at Kinn kommune får kr. 150 000 pr. elev i statlege overføringar / inntekter (2022-kroner), vil det årlege inntekstfallet grunna elevtalsnedgang vere slik som vist i figuren under.



2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
-	-2,2 mill	-17,0 mill	-24,2 mill	-34,1 mill	-43,8 mill	-49,7 mill	-52,5 mill	-54,4 mill	-59,1 mill	-62,4 mill	-67,2 mill	-67,4 mill	-66,8 mill

Samanlikningsåret er 2022 – og innover i prognoseperioden aukar det årlege inntektstapet som følgje av stadig færre elevar i grunnskulen. Årleg inntektstap i 2035 (2023-prisar) samanlikna med inneverande skuleår 2023/24 ligg på om lag kr. 67 mill. Færre elevar vil sjølvstapt gje redusert kostnadsnivå, men med 11 grunnskular vil sektoren krevje grunnressursar som inneberer at sektoren i større grad må få budsjettmessig dekning frå andre inntektskjelder.

Mange grunnskular medfører at sektoren har større vanskar med å regulere og tilpasse utgiftssida til reduserte inntekter, slik at det vert balanse mellom inntekter og utgifter. I 2035 vil grunnskuletenesta få om lag kr. 67 mill. mindre i overføringar enn i 2022 under føresetnad av same tildelingsgrunnlag. Dersom grunnskuletenesta skal bidra til at Kinn skal klara omstillinga i helse- og omsorgstenestene – må talet på små barneskular ned.

Grunnskuletenesta møter omstillingskrav og tilpassing i høve reduserte inntekter gjennom:

1. Ny ressurstilodelingsmodell
2. Strukturelle endringar – færre barneskular på Florelandet og Måløy

### 2.3.2.1 Ny ressurstilodelingsmodell grunnskule (Agenda Kaupang)

Agenda Kaupang har i samarbeid med Kinn kommune utarbeidd ny ressurstilodelingsmodell for grunnskule. Modellen har til føremål og få til ei meir føreseieleg og rettvis fordeling av utgiftene i sektoren, samstundes som kostnadsnivået vert balansert mot samanliknbare kommunar i same kommunegruppe.

Ressurstilodelingsmodellen ligg til grunn for utrekning av grunnskulen sine driftskostnader seinare i denne rapporten.

### 2.3.2.2 Strukturelle grep

Denne utgreiinga syner moglege vegval innan lokalisering og endring av inntaksområde. Rapporten syner at det er kun gjennom strukturelle endringar med færre og større grunnskular – at oppvekstsektoren kan produsere lik kvalitet på tenestene med mindre ressursar og tilpasse drifta til reduserte statlege overføringar.

Dersom oppvekstsektoren skal bidra til berekraftig omstilling tilpassa framtidige økonomiske rammeføresetnader, vil **hovudløysinga** liggje i å etablere større barneskular på Florelandet og i Måløy.

Ei vidareføring av dagens skulelokasjonar inneberer framhald av dagens utgifts- og kostnadsnivå inn i framtida – og oppvekstsektoren vil ikkje ha føresetnader for å tilpassa drifta til inntektstapet.



### 3 Strukturelle moglegheiter

#### 3.1 Barnehage – ingen framlegg til strukturelle endringar

Behovet for endringar og tilpassingar i lokal barnehagestruktur er skildra i Bruksplanen skule og barnehage 2020-2035. Her vart det gjort tilpassingar i høve barnehagekapasitet i Måløy og Florelandet.

Nye Nøpjarhaugen barnehage erstatta dei tre kommunale barnehagene Dalevegen, Nyheimvegen og Nøpjarhaugen.

Holvik barnehage er rehabilitert og tilpassa kapasitetsbehova for barnehageplassar i Måløy.

I tillegg er det utarbeidd ny budsjettmodell for barnehagane. Dette er barnehagesektoren sitt svar på betre effektivisering i høve årlege driftskostnader.

#### 3.2 Grunnskule – tre vurderte moglege løysingar

Dei tre moglege lokaliseringssløysingane er.

Moglegheit 0: Inga endring i struktur / inga strukturelle effektiviseringsgevinstar	Moglegheit 1: Moderat strukturell omlegging / god effektiviseringsgevinst – frå 11 til 8	Moglegheit 2: Stor strukturell omlegging / stor effektiviseringsgevinst – frå 11 til 6
Inga endringar Oppfølging av vedtekne tiltak og vedlikehaldsetterslep	Skram inkl. Raudeberg Florø barneskole inkl. 70% Krokane og Stavang Torvmyrane inkl. 30% Krokane	Skram inkl. Raudeberg og Skavøypoll Florø barneskole inkl. 70% Krokane og Stavang Torvmyrane inkl. 30% Krokane og Brandsøy Ungdomssteget i Eikefjord til Florø ungdomsskule

#### 3.3 Skuleskyss og reisetid

I dag har 150 elevar innvilga skuleskyss i dei skulane som er omtalt i moglegheit 1 og 2 i:

Inneverande skuleår nytta kommunen kr. 1.1 mill. i skysskostnader. Årspris pr. elev er kr 7 600.

I nye strukturar som vert presentert seinare i rapporten, vil skysskostnaden meir enn doble seg i det alternativet som legg ned flest skular.


##### Rundskriv Udir-2-2019 definerer akseptabel reisetid slik:

«Skuleskyss må organiseres slik at eleven får **en akseptabel reisetid**. Dette følger av forarbeidene til loven. I vurderingen av hva som er akseptabel reisetid må **gangtid og tid med transportmiddel** sees i sammenheng. Det må også tas med hvor lang **ventetid** eleven har før og etter skolen. Det er altså den **totale tiden** som eleven bruker fra han eller hun drar hjemmefra og til opplæringen starter, og fra opplæringen er slutt til eleven er hjemme om ettermiddagen som utgjør den samlede reisetiden. Det er særlig viktig å organisere skyssen for de som går på første trinn slik at reisetiden blir så kort som mulig.

## Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 1 Versjon: Rapport



Kommunen **kan gi** retningslinjer for hva som vil være akseptabel reisetid, men disse vil kun være et utgangspunkt for den videre vurderingen.

Hensynet til at eleven får tilstrekkelig fritid og tid hjemme talar for å avgrense reisetiden så mye som mulig. Hensynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen kan på den annen side tilsa at alle elever må godta en viss reisetid.»

### Om skulevegen står det:

«Skulevegen skal reknast **frå dør til dør etter farande veg**. Veien skal måles fra inngangsdøren der eleven bor til inngangsdøren på skolen etter korteste farbare vei. Dersom det er flere

inngangsdører eleven kan bruke på skolen, skal det måles til døren lengst unna, uavhengig av om eleven faktisk bruker denne døren. Hva som er en farbar vei blir ikke begrenset av om veien er offentlig eller privat. Skiftende forhold ved ulike årstider kan også ha betydning for hva som regnes som elevens skulevei, f.eks. om det er mulig å komme seg frem på en sti. Elever som har lang skulevei har ikke rett til skyss til og fra SFO eller leksehjelp, men vil ha rett til skyss de dagene de ikke benytter seg av et slikt tilbud.»

### Om båttransport står det:

«Det står i opplæringsloven § 7-1 andre ledd at elever har rett til båttransport når det er nødvendig, uavhengig av reiselengde. Elevene har i utgangspunktet ikke rett til skyss til og fra båttransporten. Da må elevene oppfylle andre vilkår til skoleskyss, eksempelvis lang skulevei.»

Det er opplæringslova kapittel 7 som heimlar rett til skyss og innlosjering i grunnskolen. UDIR har satt rammer for at elevar i grunnskulen som har lang eller farleg skuleveg har rett til gratis skuleskyss.

Inneverande skuleår 2023/24 har 36 elevar frå øyane båttransport inn til sentrum.

	Svanøy	Stavang / Stavøy	Fanøy	Tansøy / Askrova	Kinn / Reksta / Rognaldsvåg / Rognsøy	Færøy	Nekkeøy	Tollaksøya	Aannøya
Florø barneskole	1	0	0	10	3	2	0	0	1
Florø ungdomsskule	1	5	1	3	0	1	2	1	1
Krokane skule	0	0	0	0	0	4	0	0	0

Elevar til barnesteget får busstransport til skulen frå kai. Dersom barnesteget frå Stavang / Stavøy vet overført til Florø barneskole, vert båtskyssen auka med 8-10 elevar i tillegg.

## Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 1 Versjon: Rapport


For elevar i;

- **1. trinn – meir enn 2 km**
- **2.–10. trinn – meir enn 4 km**

I karta til venstre, ser vi kor langt 4 km langs etter køyreveg frå Florø barneskole og Skram skule strekker seg utover.

4 km frå Florø barneskole strekker seg forbi Krokane og inn i Torvmyrane sitt inntaksområde.

4 km grense for Skram skule – langs køyreveg kjem strekker seg også inn i andre naboskulane sitt inntaksområde.



Det er inga øvre grense for kva som er akseptabel reisetid. Tidlegare var maksimal reisetid lovfesta i opplæringslova, men dette er teke ut av lovteksten. Trass i dette nyttar dei fleste kommunane tidlegare lovtekst på maksimal reisetid ein veg slik:

- **45 min for elevar på småsteget**
- **60 min for elevar på mellomsteget**
- **75 min for elevar på ungdomsteget**


### 3.3.1 Auke i skyss som følgje av lokaliseringsendring / nedlegging

I mogelegheit 1 vil alle elevane ved Raudeberg og Stavang skular få innvilga skuleskyss. Ved båe desse skulane er det 62% av elevane ved Raudeberg og 81% av elevane på Stavang som har innvilga skyss i dag. Såleis er omfanget av skyssbehovet i denne moglegheita moderat, samanlikna med dagens situasjon.

I moglegheit 2 vil det i skuleåret 2026/27 vere 327 elevar ha trong for skuleskyss i skuleåret 2027/28 til ein samla kostnad på kr. 2,6 mill. eller kr. 1,4 mill. meir enn i dag. I dette beløpet er ikkje ekstrakostnaden med skyss til den mellombelse paviljongen til Skram skule med i reknestykket. Kinn kommune nyttar idag kr. 1,5 mill. på skyss til den mellombelse modulskulen ved Skram skule. Kr. 1,2 mill. av denne kostnaden vert redusert når ny skule vert ferdigstilt.

Skuleskyss skuleåret 2027/28	Skyss	Samla elevtal	Kvar reiser elevane frå
Raudeberg	66	66	Kvaheim, Vedvik, Halsør
Skavøypoll	126	126	Allmenningen
Eikefjord ungdomstrinn	55	55	Ramsdal, Løkkebø, Steindal, Ausevik, Svardal, Sandvik, Tonheim
Stavang	12	12	Svortevik er lengst unna, Stavøy, Høydalane
Brandsøy	56	96	Norddalsfjord, Helgøy, Brandsøy
Krokane	12	121	Færøykavlen, Botnane (gjesteelevar),

I moglegheit 2 vil alle elevane ved Raudeberg, Skavøypoll, ungdomssteget ved Eikefjord og Stavang få skyss. Krokane skule får ikkje endra skyssbehov ved ei overføring til Florø barneskole.



#### Tilleggsreiser i moglegheitene for Raudeberg og Skavøypoll

Tilleggsreisa for elevar ved Raudeberg skule vil med buss (rutehefte Kringom) utgjere under 20 min. For einskilde elevar i denne krinsen som er busett i nord for skulen vert tida på buss lang, men vurdert til å vere akseptabel.

Tilleggsreisa frå Skavøypoll ligg på 12 min, men også her har einskilde elevar noko reisetid til dagens skule.

Reisetida vert vurdert som akseptabel om Raudeberg- og Skavøypollelevane må inn til Måløy.


## Tilleggsreiser i moglegheitene for Stavang

For fleire elevar i denne krinsen vil ein måtte kombinere buss og båt. Ungdomsskuleelevane nyttar slik transport i dag. Skyssen er allereie etablert. Elevar busett i Svortevik har i dag lengst reiseveg i denne krinsen. Det er ingen elevar frå Standal / Øvre Standal.

## Tilleggsreise for ungdomsskuleelevane ved Eikefjord til Florø ungdomsskule i moglegheit 2

For ungdomsskuleelevane i Eikefjord i moglegheit 2, vil tilleggsreisa for desse elevane utgjere 45 min. Inneverande skuleår har 27 elevar innvilga skyss og nokre av elevane kjem frå Sandvik. Når gang- og ventetid vert medrekna, vil til dømes Sandvik-elevane ligge tett på det som vert vurdert som akseptabel reisetid for ungdomsskuleelevar med 75 min reisetid ein veg. Men omfanget er lite og det gjeld få elevar.

Men samla sett vil denne reisebelastninga vere stor for elevar på ungdomssteget i Eikefjord.




### 3.4 Evaluering og vurderingspunkt for val av skulestruktur

Det er ikkje fastsett eigne metodar og eigen konsekvensutgreiingsmetodikk for å vurdere og evaluere lokaliseringsendringar av skule- og barnehagestruktur. Strukturdrøftinga i Kinn vil difor vere tufta på ei samla vurdering av fordelar og ulemper knytt til kvart einskild endringsframlegg / moglegheit / alternativ.

Uansett gjev dei økonomiske, kvalitative, kapasitetsmessige og eigedomsstrategiske føringane retning for fokus og innhald i kva for faktorar som bør evalueringa.

I denne utgreiinga er det prøvd å svare ut dei spørsmåla som vert kravd for statlege utgreiingstiltak slik:

1. Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?
2. Kva for moglegheiter, alternativ og konsept er relevante?
3. Kva prinsipielle spørsmål reiser moglegheitene?
4. Kva er dei positive og negative verknadane av moglegheitene – og kven vert råka?
5. Kva for tiltak vert tilrådd?
6. Kva må til for å få ei vellukka gjennomføring?




Med utgangspunkt i arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, bærekraftsmål og barns beste-vurderingar er det utarbeidd seks evalueringstema som dei ulike vegvala blir vurdert opp mot. Under kvart tema er ført opp tilhøyrande kvalitetskriterium som skuleanlegga blir vurdert ut i frå.

Det er heilt opp til kommunestyret å vedta korleis dei vil innrette og organisere barnehage- og grunnskuletenestene lokalt. Dette ligg innafør den kommunale handlefridomen.

Statsforvaltaren har i fleire klagesaker påpeika behovet for at barns beste vurderingar ikkje er omtalt eller vurdert. Arbeidsgruppa har drøfta dette særskilt og det er ei sams forståing for at barns-beste vurderingane er integrert i alle vurderingstema som strukturalternativ vert evaluert etter. Ei lokal utvikling i tråd med bærekraftsmål i kommuneplanen sin samfunnsdel, vil sjølvstøtt vere utforma og gagne borns beste.

### 3.5 Utvalde vurderings- og evalueringstema for val av ny skulestruktur

I samråd med fagavdelinga innafor skule og barnehage i Kinn, er det utarbeidd seks vurderingstema som strukturmoglegheitene vert evaluert mot. Både demografiske føresetnader, berekraftsfokus og barns-beste vurderingar ligg til grunn for val av vurderingstema.



Berekraftig utvikling består av tre dimensjonar: økonomi, miljø og sosiale forhold. Dette blir ofte kalla dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling. Det er samanhengen mellom disse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Kinn må i planarbeid og i gjennomføring av tiltak ha fokus på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnerskapsavtalar.

### 3.5.1 *Vurderingstema 1: Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø*

<p><b>Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skuleanlegg har ei lokalisering og utforming som sikrar lett tilgjenge.</li> <li>• Skuleanlegget si utforming inne og ute fremmar trivsel, tryggleik og helse.</li> <li>• Skuleanlegg fungerer som nærmiljøanlegg på ettermiddag-, kveldstid, i helgar og feriar. Fasilitetar både ute og inne inviterer til aktivitetar for nærmiljø, idrett, kultur og andre.</li> <li>• Skuleanlegget står fram som ope, oversiktleg og innhaldsrikt slik at brukarar i ulike alder, med ulike interesser og funksjonsnivå kjenner seg velkomen her.</li> </ul>
<p>Sentrale spørsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis kan lokalisering bygge opp under føringar i overordna planverk til dømes sentrumsstruktur</li> <li>• Er bygga gode med omsyn til universell utforming</li> <li>• Er det samsvar mellom lokalisering og der innbyggjarane bur?</li> </ul>

### 3.5.2 *Vurderingstema 2: Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring*

<p><b>Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleksible løysingar og utforming som fremmar varierte læringsmetodar, samarbeid og sambruk/fleirbruk. Godt samsvar mellom fysisk utforming og ønskt pedagogisk praksis.</li> <li>• Skuleanlegg som fremmar trivsel, tryggleik og helse.</li> <li>• Skulane sine uteareal er trafikksikre og byr på moglegheiter for fysisk aktivitet, sosialt samvær, rekreasjon og kvile. Utforminga fremmar leik og motorisk utvikling, men også organiserte aktivitetar m.a. i undervisninga.</li> </ul>
<p>Sentrale spørsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjev nokre av moglegheitene betre skuleanlegg som i større grad kan fremje læring og varierte pedagogiske arbeidsmetodar?</li> </ul>



### 3.5.3 **Vurderingstema 3: Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar**

<p><b>Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulebygg som medverkar til likeverdige rammer for læring og profesjonsfellesskap. Rom og areal knytt til personalfunksjonar står fram som funksjonelle og effektive, og er i tråd med gjeldande regelverk.</li> <li>• Skuleanlegga skal vere pedagogane sin «usynlege» medhjelpar og støtte opp under pedagogisk praksis. Det må vere tilgang til dei rom og funksjonar som støttar opp om måla i læreplanen og krav for opplæringa.</li> <li>• Skuleanlegga skal stimulere til at lærarane kan samarbeide og samhandle om felles elevar, både i planlegging og gjennomføring av undervisning.</li> </ul>
<p>Sentrale spørsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pedagogiske ressursar: Tilgang på pedagogiske ressursar er sentralt. Læraren er viktigaste faktor for læring. Mange kommunar, deriblant Kinn har utfordringar med å rekruttere pedagogisk personale og leiarar til sektoren. Kva for val knytt til skulestruktur bidreg til at kommunen kan styrke sin attraktivitet og rekrutteringsevne?</li> <li>• Korleis kan val om struktur sikre at kommunen har barnehagar og skular som legg til rette for store fagmiljø, profesjonsfaglege fellesskap, kompetansebygging og samarbeid? Vil ein skule med 65 elevar vere attraktiv for rekruttering?</li> <li>• Korleis kan det spesialpedagogiske samarbeidet og kompetansen styrkes med utgangspunkt i strukturelle grep? Vil samarbeidet med hjelpetenestene kring førebygging og tidleg innsats vere lettare å få til på større skular?</li> <li>• Korleis vil elevane sitt faglege og sosiale skulemiljø verte påverka av ein eventuell samanslåing til større skular? Vil det gje positive eller negative konsekvensar for elevane om dei vert samla på større skular?</li> <li>• Korleis vil færre og større grunnskular påverke leiarrolla og organisasjonsutvikling. Leining som fagfelt er ein sentral dimensjon i ein organisasjon.</li> <li>• Vil færre skuleeiningar også bidra til meir effektiv oppfølging frå stabs- og støttefunksjonar i kommunen – personalavdeling, økonomi/lønn, politisk sekretariat, eigedom, mv.?</li> </ul>

### 3.5.4 Vurderingstema 4: Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn

<b>Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Flest mogleg elevar skal kunne gå/sykle til skulen – anlegget er lett tilgjengeleg for nærmiljøet.</li><li>• Trygg skuleveg har fortau eller gang- og sykkelsti. Vegar med motoriserte køyretøy blir kryssa i fotgjengarfelt, over- og undergongar.</li><li>• Reisetida for elevane er på eit akseptabelt nivå</li></ul>
Sentrale spørsmål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Elevar frå Svanøy, Fanøy, Tansøy, Askrova Kinn, Rognaldsvåg, Færøy, Nekkøy, Aannøya og ungdomssteget frå Stavøy/Stavang vert skyssa inn til sentrumsskulane i dag – vert det meir uakseptabelt om 8-10 elevar på barnesteget i Stavang får denne tilleggsreisa?</li></ul>

### 3.5.5 Vurderingstema 5: Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal

<p><b>Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Riktig dimensjonering av skuleanlegga – tilpassa behova i sitt inntaksområde/skulekrets.</li> <li>• Skuleanlegg med riktig kapasitet i klasserom, støttefunksjonar og uteområde.</li> <li>• Barnehage- og skolelokaliseringane må vere avstemt med de langsiktige demografiske behov og føringane i overordna planverk td. samfunnsdelen.</li> <li>• Lokaliseringane bør i størst mogleg grad byggje opp under vedteken senterstruktur i Kinn</li> </ul>
<p>Sentrale spørsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kor bor elevane i dag og kor kjem dei til å bu i framtida – kor kjem bustadbygginga?</li> <li>• Det er forventa stor elevtalsnedgang i alle skulekrinsar i Kinn – og det er særly mykje ledig skulekapasitet – Korleis sikre tilstrekkeleg kapasitet i eit langsiktig perspektiv – og korleis utnytte eksisterande bygt og «betalt» kapasitet?</li> <li>• Skal kommunen drifte stor overkapasitet – er dette berekraftig?</li> <li>• Det er kapasitet til å handtere elevane ved Krokane skule ved Florø barneskule og Torvmyrane skule – Kan eigeidomen på Krokane nyttast til andre føremål? Kan eventuelle frigjorte anlegg nyttast som grendehus for nærmiljøet?</li> <li>• Kor stor kapasitet bør nye Skram skule byggjast for? Berre eigen skulekrins? Både Skavøypoll og Raudeberg er anlegg som vil ha trong for rehabilitering og vedlikehald i åre som kjem?</li> <li>• Korleis kan lokalisering av barnehage og skule bidra til å stø opp under føringane i overordna planverk til dømes senterstruktur, grendeutvikling, mv. Er skule og barnehage like viktige å ha nært?</li> <li>• Vil endringar i lokalisering / struktur føre til etablering av privat skular?</li> </ul>

**3.5.6 Vurderingstema 6: Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig**

<p><b>Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til å møte reduserte inntekter og meir kostnadseffektiv drift</li> <li>• Ein strategi for byggforvaltning som brukar mest mogleg av investeringsmidlane til nybygg/tilbygg – framfor store vedlikehaldsetterslep.</li> <li>• Ein struktur som reduserer kommunen sitt bygningsareal og samstundes gir bygg med moderne tekniske system og funksjonelle areal.</li> <li>• Skule- og bygningsdrift: Reduserte framtidige inntekter medfører at kommunen må gjere meir for mindre – færre, noko større og meir moderne grunnskular gir grunnlag for å tilpasse drifta til reduserte rammer.</li> <li>• Korleis kan val om skulestruktur sikre kompakte og moderne anlegg med ein bygningsmasse som er avstemt til behova – Kinn driftar eit bygningsvolum i skuleanlegga som er dimensjonert for 3 145 elevar i dag – i 2032 vil det vere 1 800 elevar eller plass til nesten dobbelt så mange elevar i bygningane</li> <li>• Framlegg om ny ressurstilodelingsmodell ligg føre for barnehage og grunnskule – dette gjev ei drift meir i tråd med kommunar i same kommunegruppe</li> </ul>
<p>Sentrale spørsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigedomsstrategisk val: Korleis kan val om skulestruktur sikre at investeringane i størst mogleg grad vert nytta til nybygg og modernisering av skulebygg – framfor rehabilitering og vedlikehaldsetterslep av bygningsmasse som er overdimensjonert</li> <li>• Korleis få ned kommunens samla bygningsmasse til skuleføremål – og slik bidra til betre berekraftig utvikling av Kinn</li> </ul>

### 3.6 Evalueringsmetode

Kvar strukturmoglegheit vert vurdert kor godt dei svarar til det einstilte vurderingstema. Rangeringa er tufta på ein fargeskala eller +/- metoden med ein skala frå Høg grad av måloppnåing til Liten grad av måloppnåing.

Resultatet vert samanstilt i ein oversiktstabell.



Fargesettinga er tufta på ein kvalitativ og skjønsmessig vurdering for å samanlikne og skilje strukturmoglegheitane.

Vurderingstema er ikkje vekta etter grad av viktighet – og det er til dømes ikkje vektlagt om eit grønt nivå på eit tema skal vekte meir enn eit grønt nivå på eit anna vurderingstema. Dette vil i mange tilfelle handle om den einstilte sin ståstad og fokus. For nokre vil ein liten nærskule og korte avstandar vere meir viktig enn innsparing og behovet for å drifte ei meir kompakt bygningsmasse – og omvendt. I vektinga mellom hovudtema ligg på mange måtar det politiske handlingsrommet og dei politiske prioriteringane.

### 3.7 Moglegheit 0: Same lokaliseringa / inga strukturelle effektiviseringsgevinstar

Med M0 vert det inga endring i struktur og lokaliseringar for grunnskulane – og er ei vidareføring av dagens situasjon. M0 vert samanliknings- og referansealternativet som dei andre moglegheitene vert vurdert opp mot.

#### 3.7.1 Hovudgrep M0

- Nye Skram skule dimensjonert for 250 elevar / eigen skulekrins
- Tilbygg og nytt idrettsbygg til Florø barneskole – både for å styrke spesialromsfunksjonane til kroppssøving – etablere betre personalfunksjonar, og for å tilføre skulen meir fellesareal / samlingsareal.
- Oppfølging av vedlikeholdsetterslep (nøkternt) ved dei andre skuleanlegga

Moglegheit 0 - Dagens lokaliseringar	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose 2032	Bruttoareal	Anslått investeringskostnad (NOK)					
			Kapasitet på skole	Rehabilitering / ombygging	Nybygg / Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikeholdsetterslep	Investeringskostnad
Florø barneskule	418	4 600	550	-	35,0 mill	66,0 mill	20,6 mill	121,6 mill
Krokane skule	113	3 014	325	37,5 mill	35,6 mill		2,4 mill	75,5 mill
Tovmyrane skule	139	3 400	300				3,2 mill	3,2 mill
Brandsøy skule	68	1 700	185					-
Florø ungdomsskule	353	6 000	570				4,0 mill	4,0 mill
Raudeberg skule	69	1 800	190				6,2 mill	6,2 mill
Skavøypoll skule	114	2 000	210	25,0 mill			11,7 mill	36,7 mill
Skram skule med gymsal	197	3 500	250		329 mill			329,0 mill
Vågsøy ungdomsskule	175	5 100	270					-
Eikefjord barne- og ungdomsskule	139	4 170	250					-
Stavang skule	9	1 000	45				1,0 mill	1,0 mill
<b>Sum</b>	<b>1 794</b>	<b>10 270</b>	<b>3 145</b>	<b>62,5 mill</b>	<b>399,6 mill</b>	<b>66,0 mill</b>	<b>48,9 mill</b>	<b>577,0 mill</b>

Hovudtiltaket i M0 er ny Skram skule, tilbygg og nytt idrettsbygg til Florø barneskole, samt tiltak ved Krokane skule.

Samstundes er vedlikeholdsetterslepet registrert som «gjeld» og synt som investeringsbehov.

Samla er det trong for **kr. 577 mill.** som investeringsmidlar i dette alternativet.

Eventuelle spelemidlar eller mva. kompensasjon er ikkje trekt frå summene over.

### 3.7.2 Bygningsmessige tiltak M0

Skule	Tiltak
<b>Florø barneskule</b>	Nybygg idrettsfunksjon Tilbygg for å sikre betre fellesfunksjonar i bygget Vedlikehaldsetterslep
<b>Krokane skule</b>	Rehabilitering/ombygging og noko tilbygg
<b>Torvmyrane skule</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Brandsøy skule</b>	Ingen behov
<b>Florø ungdomsskule</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Raudeberg skule</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Skavøypoll skule</b>	Rehabilitering og oppussing av areal i skulen. Litt fleire grupperom. Vedlikehaldsetterslep
<b>Skram skule med gymsal</b>	Nybygg
<b>Vågsøy ungdomsskule</b>	Ingen behov
<b>Eikefjord barne- og ungdomsskule</b>	Ingen behov
<b>Stavang skule</b>	Vedlikehaldsetterslep

## 3.7.3 Evaluering og vurdering av M0

Hovedtema	Momenter	Vurd.
<b>Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skuleanlegga ligg tett på Florelandet og i Måløy – mange elevar kan gå / sykle til nærskulen – noko som medfører at dei fleste elevane har kort skuleveg. Elevane på øyane må reise med båt og buss for å kome til skulen.</li> <li>Ny skule i sentrum av Måløy – når mange innbyggjarar</li> <li>Skuleanlegga har uteområde med ballplassar som er tilgjengelege for nærmiljøet – også utanom skuletida.</li> <li>Florø barneskole manglar eit felles samlingsrom som er eigna for fleire trinn og ulike føremål, men nytt idrettsbygg kan betre på dette.</li> </ul>	+1
<b>Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ny Skram skule gjev eit stort løft på den skulen som no har lågast vurdert funksjonalitet og tilstandsgrad.</li> <li>Framleis mange skular med varierende pedagogisk funksjonalitet – og eldre bygg som er organisert etter tidlegare tiders pedagogisk praksis. Framleis store variasjonar mellom skulane – og variasjon i likeverdige fysiske læringsmiljø. Varierte løysingar og utforming som fremjar ulike læringsmetodar, samarbeid og sambruk/fleirbruk.</li> <li>Florø barneskole får idrettsbygg – elles lågt tiltaksnivå</li> </ul>	-1
<b>Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fleire skular er forholdsvis små – med få elevar og få klassar. Dette gjev og små fagmiljø med venta store rekrutteringsutfordringar til leiarnivå og pedagogisk personale.</li> <li>Fleire nye moderne skuleanlegg trekk opp (Brandsøy, Vågsøy u, Eikefjord bu og delvis Torvmyrane) Florø b får eit stort fagmiljø som er attraktivt, men funksjonalitet i skuleanlegget trekk noko ned.</li> <li>Mange einingar som stabs- og støttetjenester, eigdomsforvaltning må forholde seg til.</li> <li>Mange einingar som hjelpetenestene må følgje opp – delvis stort kontrollspenn for sjefsnivået.</li> </ul>	-1
<b>Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nærskulane vert vidareført.</li> <li>Brorparten av elevane har kort reiseveg og reisetid.</li> <li>Noko trafikale utfordringar ved einskilde skuleanlegg – noko blanding mellom harde og mjuke trafikantar.</li> </ul>	2
<b>Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nybygg på Skram gjev ein kapasitet tilpassa elevtalet.</li> <li>M0 vidarefører elles enormt mykje ledig skulekapasitet og ein lite kompakt og moderne bygningsmasse.</li> <li>Fleire krinsar får stor elevtalsnedgang.</li> </ul>	-2
<b>Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ny ressurstilodelingsmodell bidreg – men utan strukturelle grep vil ikkje M0 møte kravet om redusert nettoutgift for sektoren. Kostnadsnivået vert i stor grad vidareført. Gjer i liten grad meir for mindre.</li> <li>Investeringsprofil uendra – framleis mykje gamal bygningsmasse som krev store framtidige vedlikehaldsbehov/oppgradering – lite byggfornyng</li> <li>Framleis mange varierte fysiske lærings- og arbeidsmiljø – liten grad av likeverdige forhold</li> </ul>	-2



### 3.8 Moglegheit 1: Moderat strukturell omlegging / moderat effektiviseringsgevinst

#### 3.8.1 Hovudgrep M1 – Frå 11 til 8

- Nye Skram skule inklusiv Raudeberg – dimensjonert for 300 elevar (2032)
- Krokane skule vert fordelt til Florø barneskole (70%) og Torvmyrane skule (30%)
- Stavang skule vert overført til Florø barneskole
- Tilbygg og nytt idrettsbygg til Florø barneskole – både for å styrke spesialromsfunksjonane til kroppsøving – etablere betre personalfunksjonar, og for å tilføre skulen meir fellesareal / samlingsareal.
- Oppfølging av vedlikeholdsetterslep (nøkternt) ved dei andre skuleanlegga – utfasing av nedlagde anlegg reduserer vedlikeholdsetterslepet.

Moglegheit 1 - tre færre barneskular	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose 2032	Bruttoareal	Anslått investeringskostnad (NOK)					
			Kapasitet på skole	Rehabilitering / ombygging	Nybygg / Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikeholdsetterslep	Investeringskostnad
Florø barneskule inkl. Krokane og Stavang	506	4 600	550	-	35,0 mill	66,0 mill	20,6 mill	121,6 mill
Krokane skule	-	3 014		-	-		-	-
Torvmyrane skule inkl. 30% Krokane	173	3 400	300				3,2 mill	3,2 mill
Brandsøy skule	68	1 700	185				-	-
Florø ungdomsskule	353	6 000	570				4,0 mill	4,0 mill
Raudeberg skule	-	1 800					-	-
Skavøypoll skule	114	2 000	210	25,0 mill			11,7 mill	36,7 mill
Skram skule inkl. Raudeberg	266	3 500	300		372 mill		-	371,8 mill
Vågsøy ungdomsskule	175	5 100	270				-	-
Eikefjord barne- og ungdomsskule	139	4 170	250				-	-
Stavang skule	-	1 000					-	-
<b>Sum</b>	<b>1 794</b>	<b>5 170</b>	<b>2 635</b>	<b>25,0 mill</b>	<b>406,8 mill</b>	<b>66,0 mill</b>	<b>39,4 mill</b>	<b>537,2 mill</b>

Nye Skram skule må dimensjonerast for Raudeberg – det er behov for meir lærings- og personalareal. Investeringa her går opp samanlikna med M0.

Florø barneskole har ein vurdert kapasitet på 600 elevar og har plass til elevane frå Krokane (70%) og Stavang.

Nytt idrettsbygg og tilbygg ved Florø barneskole vert vidareført.

Samla investeringsbehov er vurdert til **kr. 537 mill.**

Tiltak og vedlikeholdsetterslep ved nedlagde skular utgår.

Eventuelle spelemidlar eller mva. kompensasjon er ikkje trekt frå summene over.

**3.8.2 Evaluering og vurdering av måloppnåing for M1**

Hovedtema	Momenter	Vurd.
<b>Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ei overføring av elevane frå Krokane skule til Florø barneskole og Torvmyrane skule vil medføre at elevane framleis kan gå / sykle til skulen.</li> <li>Elevane på barnesteget på Stavang må slå følgje med elevane på ungdomssteget og gå på skule i Florø – til liks med andre elevar på øyane.</li> <li>Nytt skuleanlegg ved Skram når fleire med denne løysinga, men nedlegging av Raudeberg gjev ei lokalisering av elevane og nærmiljøet her som inneberer reise til Måløy-sentrum og vanskeleggjer lett tilgjenge for denne krinsen.</li> <li>Florø barneskole manglar eit felles samlingsrom som er eigna for fleire trinn og ulike føremål, men nytt idrettsbygg kan betre på dette.</li> </ul>	0
<b>Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nye Skram skule gjev eit stort løft på den skulen som no har lågast vurdert funksjonalitet og tilstandsgrad – med Raudeberg vil fleire elevar og tilsette få betre fysisk lærings- og arbeidsmiljø.</li> <li>Framleis fleire skular med varierende pedagogisk funksjonalitet – og eldre bygg som er organisert etter tidlegare tiders pedagogisk praksis. Framleis variasjonar mellom skulane – og variasjon i likeverdige fysiske læringsmiljø. Varierte løysingar og utforming som fremjar ulike læringsmetodar, samarbeid og sambruk/fleirbruk.</li> <li>Florø barneskole får idrettsbygg – elles lågt tiltaksnivå</li> </ul>	+1
<b>Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kun ein skule under 100 elevar</li> <li>Fleire nye moderne skuleanlegg trekk opp (Brandsøy, Vågsøy u, Eikefjord bu og delvis Torvmyrane) Florø b får eit stort fagmiljø som er attraktivt, men funksjonalitet i skuleanlegget trekk noko ned.</li> <li>Mange einingar som stabs- og støttetjenester, eigedomsforvaltning må forholde seg til.</li> <li>Mange einingar som hjelpetjenestene må følgje opp – delvis stort kontrollspenn for sjefsnivået.</li> </ul>	+1
<b>Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nærskulane vert vidareført.</li> <li>Brorparten av elevane har kort reiseveg og reisetid – og er på eit skyssmiddel allereie.</li> <li>Noko trafikale utfordringar ved einskilde skuleanlegg – noko blanding mellom harde og mjuke trafikantar.</li> </ul>	+1
<b>Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skram inkl Raudeberg gjev trinn som vert rundt 40-45 pr trinn (mellomlang sikt)</li> <li>Torvmyrane får trinn som er tett på og over 30 elevar – meir i tråd med at denne er bygt som ein 1,5 parallell.</li> <li>M1 utnyttar betre ledig skulekapasitet enn M0.</li> <li>Fleire krinsar får stor elevtalsnedgang.</li> </ul>	+1
<b>Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ny ressurstilordningsmodell bidreg – og nedlegging av tre skular gjev strukturelle monalege årlege innsparingar.</li> <li>Sektoren gjer meir for mindre</li> <li>Utfasing av tre eldre skuleanlegg gjev meir kompakt bygningsmasse og effektiv bygningsdrift. Vedlikehaldsetterslep vert redusert.</li> <li>Investeringsprofil kor mykje av midlane vert nytta på nybygg og modernisering.</li> </ul>	+1

**3.8.3 Bygningsmessige tiltak M1**

Skule	Tiltak
<b>Florø barneskule inkl. 70% Krokane og Stavang</b>	Nybygg idrettsfunksjon Tilbygg for å sikre betre fellesfunksjonar i bygget Vedlikehaldsetterslep
<b>Krokane skule</b>	Overført til Florø barneskole (70%) og Krokane skule (30%).
<b>Torvmyrane skule</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Brandsøy skule</b>	Ingen behov
<b>Florø ungdomsskule</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Raudeberg skule</b>	Overført til Skram skule
<b>Skavøypoll skule</b>	Rehabilitering og oppussing av areal i skulen. Litt fleire grupperom. Vedlikehaldsetterslep
<b>Skram skule inkl. Raudeberg</b>	Nybygg
<b>Vågsøy ungdomsskule</b>	Ingen behov
<b>Eikefjord barne- og ungdomsskule</b>	Ingen behov
<b>Stavang skule</b>	Vedlikehaldsetterslep

### 3.9 Moglegheit 2: Stor strukturell omlegging / stor effektiviseringsgevinst

#### 3.9.1 Hovudgrep M2 – Frå 11 til 6

- Nye Skram skule inklusiv Raudeberg og Skavøypoll – dimensjonert for 400 elevar (2032)
- Krokane skule vert fordelt til Florø barneskule (70%) og Torvmyrane skule (30%)
- Stavang skule vert overført til Florø barneskule
- Brandsøy skule vert overført til Torvmyrane skule
- Ungdomssteget ved Eikefjord vert overført til Florø ungdomsskule
- Tilbygg og nytt idrettsbygg i Florø sentrum er kopla til Florø barneskule – både for å styrke spesialromsfunksjonane til kroppsøving – etablere betre personalfunksjonar, og for å tilføre skulen meir fellesareal / samlingsareal.
- Oppfølging av vedlikehaldsetterslep (nøakternt) ved dei andre skuleanlegga – utfasing av nedlagde anlegg reduserer vedlikehaldsetterslepet.

Moglegheit 2: Frå 11 til 6	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose 2032	Bruttoareal	Anslått investeringskostnad (NOK)					
			Kapasitet på skole	Rehabilitering / ombygging	Nybygg / Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikehaldsetterslep	Investeringskostnad
Florø barneskule inkl. 70% Krokane og Stavang	506	4 600	550	-	35,0 mill	66,0 mill	20,6 mill	121,6 mill
Krokane skule	-	3 014					-	-
Torvmyrane inkl. Brandsøy og 30% Krokane	241	3 400	300	5,0 mill	13,4 mill		3,2 mill	21,500 mill
Brandsøy skule	-	1 700					-	-
Florø ungdomsskule inkl. Eikefjord 8-10	397	6 000	450				4,0 mill	4,0 mill
Raudeberg skule	-	1 800					-	-
Skavøypoll skule	-	2 000		-				-
Skram skule inkl. Raudeberg og Skavøypoll	380	3 500	400		385,5 mill		-	385,5 mill
Vågsøy ungdomsskule	175	5 100	270				-	-
Eikefjord skule 1-7	95	4 170	250				-	-
Stavang skule	-	1 000					-	-
<b>Sum</b>	<b>1 794</b>	<b>5 170</b>	<b>2 220</b>	<b>5,0 mill</b>	<b>433,9 mill</b>	<b>66,0 mill</b>	<b>27,7 mill</b>	<b>532,5 mill</b>

Nye Skram skule må dimensjonerast for Raudeberg og Skavøypoll og vert felles barneskule for Måløy. Eit slikt grep gjev av Måløy vil få to moderne grunnskular i sentrum. Investeringa her går opp samanlikna med M0 og M1.

Florø barneskule har ein vurdert kapasitet på 600 elevar og har plass til elevane frå Krokane (70%) og Stavang. Nytt idrettsbygg og tilbygg ved Florø barneskule vert vidareført.

Samla investeringsbehov er vurdert til **kr. 533 mill**. Vedlikehaldsetterslepet er på 28 mill. og gjeld for det meste bygningsmessige tiltak ved Florø barneskule.

Eventuelle spelemidlar eller mva. kompensasjon er ikkje trekt frå summene over.

**3.9.2 Bygningsmessige tiltak M2**

Skule	Tiltak
<b>Florø barneskule inkl. 70% Krokane og Stavang</b>	Nybygg idrettsfunksjon Tilbygg for å sikre betre fellesfunksjonar i bygget Vedlikehaldsetterslep
<b>Krokane skule</b>	Overført til Florø barneskole (70%) og Krokane skule (30%)
<b>Torvmyrane skule inkl. Brandsøy og Torvmyrane (30%)</b>	Rehabilitering / ombygging og tilbygg for å auke kapasitet til lærararbeidsplassar. Vedlikehaldsetterslep
<b>Brandsøy skule</b>	Overført til Torvmyrane
<b>Florø ungdomsskule inkl ungdomssteget frå Eikefjord</b>	Vedlikehaldsetterslep
<b>Raudeberg skule</b>	Overført til Skram skule
<b>Skavøypoll skule</b>	Overført til Skram skule
<b>Skram skule inkl. Raudeberg og Skavøypoll</b>	Nybygg
<b>Vågsøy ungdomsskule</b>	Ingen behov
<b>Eikefjord 1-7</b>	Ingen behov
<b>Stavang skule</b>	Overført til Florø barneskole

## 3.9.3 Evaluering og vurdering av M2

Hovedtema	Momenter	Vurd.
<b>Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>5 skular vert lagd ned – skulane vert sentralisert og vanskeleggjer lett tilgjenge for dei minste nærmiljøa. Uteområdet på Brandsøy skule er tilgjengeleg for nærmiljøet</li> <li>Elevane i Måløy får tilgang til moderne anlegg som har ei utforming som sikrar trivsel, tryggleik og helse. Elevane frå Brandsøy går frå nytt anlegg til eit noko eldre bygg. Det same gjer ungdomssteget ved Eikefjord og delvis elevane ved Krokane.</li> <li>Vanskeleg å forklare innbyggjarar på Brandsøy kvifor den nye skulen må leggjast ned!</li> <li>Etterbruk av skulane kan skje som grendehusføremål – dette vil kunne gjere anlegga meir tilgjengelege og opne for utvida aktivitetar i nærmiljøa.</li> </ul>	-1
<b>Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nye Skram skule gjev eit stort løft på den skulen som no har lågast vurdert funksjonalitet og tilstandsgrad – med Raudeberg og Skavøypoll vil fleire elevar og tilsette få moderne og framtidsetta fysisk lærings- og arbeidsmiljø.</li> <li>Torvmyrane skule får Brandsøy og deler av Krokane i sitt inntaksområde. Torvmyrane er bygt som ein 1,5 parallell og får no ei elevsamansetning som er tilpassa bygget. Skulen har knapt areal til lærararbeidsplassar. Dette trekk ned her. Det er gode uteareal ved Torvmyrane skule og skulen er funksjonell.</li> <li>Florø barneskule får eit elevtal i 2032 på rundt 540 elevar – det har skulen kapasitet til – men det er eit hovudbygg som er tufta på andre pedagogiske rammer. Fleire elevar gjev og auka trafikk i uteområdet til denne skulen.</li> <li>Florø barneskule får idrettsbygg – elles lågt tiltaksnivå</li> </ul>	+1
<b>Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Store og meir moderne grunnskular kan bidra til auka attraktivitet og rekruttering.</li> <li>Grunnlag for meir samordna og effektiv innsats frå hjelpetenestene – grunnlag for å etablere større spesialpedagogiske fagmiljø skulane.</li> <li>Leiing vert fordelt på fleire og leiing vert meir profesjonalisert.</li> <li>Færre skular gjev mindre kontrollspenn – stab- og støttetjenester kan forholde seg til færre einingar.</li> <li>Grunnskulane vert meir homogene og problemstillingar og utfordringar vert meir universelle og samanliknbare for alle skulane</li> <li>Ei overføring av ungdomssteget ved Eikefjord til Florø ungdomsskule vil redusere fagmiljøet mykje i Eikefjord.</li> </ul>	+1
<b>Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka skuleskyss og tilleggsreiser for alle elevane i Raudeberg, Skavøypoll, Stavang og brorparten av Brandsøy.</li> <li>Lengst tilleggsreise for ungdomssteget i Eikefjord og deler av Stavang</li> <li>Dei fleste reisene er akseptable – men einskildelevar i «utkantane» får uakseptabel lange reisetid – omfanget er vurdert som lite – men store konsekvensar for dei det gjeld.</li> </ul>	-1
<b>Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skram inkl. Raudeberg og Skavøypoll gjev trinn som vert rundt 50-60 pr trinn (mellomlang sikt)</li> <li>Torvmyrane får trinn som ligg rundt 35-40 elevar – i tråd med at denne er bygt som ein 1,5 parallell.</li> </ul>	+2

	<ul style="list-style-type: none"> <li>M2 utnyttar ledig skulekapasitet på ein sær god måte - godt tilpassa nye inntaksområde. Kommunen driftar kompakte anlegg – færre anlegg</li> <li>Skulelokalisering kor brorparten av elevane bur.</li> </ul>	
<b>Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ny ressurstilodelingsmodell bidreg – og nedlegging av fem skular gjev store strukturelle årlege innsparingar. Effektiv og kompakt bygningsdrift investeringane vert nytta på modernisering og fornying framfor vedlikehald og rehabilitering.</li> <li>Utfasing av tre eldre skuleanlegg gjev meir kompakt bygningsmasse og effektiv bygningsdrift.</li> </ul>	+2

### 3.10 Samanstilling

Hovedtema	M0	M1	M2
<b>Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø</b>	+1	0	-1
<b>Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring</b>	-1	+1	+1
<b>Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar</b>	-1	+1	+1
<b>Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn</b>	+2	+1	-1
<b>Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal</b>	-2	+1	+2
<b>Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig</b>	-2	+1	+2

M0 kjem dårlegast i høve evalueringa mot oppsette vurderingstema / mål.

M1 kjem best ut i høve det å innfri vurderte tema / mål over. M2 ligg tett på M1, men har meir varierende score – og får to tema med nokså liten grad av måloppnåing som i sum trekk ned – samanlikna med M1.

## 4 Endring i struktur gjev effektiviseringsgevinstar

### 4.1 Økonomiske føresetnader

- Investeringskostnad for nybygg ved Skram skule og idrettsbygg ved Florø barneskole tek utgangspunkt i budsjettert prosjektkostnad frå Økonomiplanen, Kinn kommune
  - 7,5% rentesats (renter og avdrag) – annuitetslån – 60 år
- Vedlikehaldsetterslepet tek utgangspunkt i utarbeidde tilstandsrapportar av Ose AS, 2023
  - Tiltak kostnadsberekna for TG2 og TG3.
- LCC analyse tufta på NS 3435 og Norsk Prisbok er nytta som modelleringsverktøy for å samanlikne moglegheitene og for å identifisere effektiviserings- og innsparingspotensial
  - Ny ressurstilordelingsmodell frå Agenda Kaupang ligg til grunn for utrekning av skulekostnad / skuledrift – utrekna av Kinn kommune
  - Skysskostnader utrekna av Kinn kommune
  - Bygningsdrift tek utgangspunkt i Kinn kommune sitt rekneskap for 2022 og erfaringstal i Norsk Prisbok.
  - Konto 9 under er ikkje medtatt – dette vert eventuelt handsama som eigne politiske saker. Her vil avhending, sal og alternativ bruk av kommunale eigedomar verte førelagt politisk mynde som sær sak.
  - Nedlagde skular har ikkje med rivekostnad

Beskrivelse av LCC-kontoplan iht. NS3454: Livssyklus kostnader for byggverk, prinsipper og klassifisering

Konto	Beskrivelse
1 Investeringskostnader	Prosjektkostnad Kinn kommune
2 Forvaltningskostnader	Kostnader til eiendomsledelse, økonomisk styring og administrasjon.
3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	Kostnader til nødvendige aktiviteter for å opprettholde byggets funksjon over forventet levetid.
4 Utskifting og utviklingskostnader	Utskifting av bygningsdeler for å opprettholde byggverkets verdi samt kostnader til utviklingstiltak for å imøtekomme krav fra brukere, marked og myndigheter og som øker byggets verdi. Tiltak som normalt kan gjennomføres mens bygget er helt eller delvis i bruk.
5 Forsyningskostnader	Kostnader til energi, vann og avløp og renovasjon.
6 Renholdskostnader	Kostnader til gjennomføring renholdsaktiviteter bestående av regelmessig renhold, periodisk renhold, ekstraordinært renhold og annet rengjøringsaktiviteter.
7 Service-/støttekostnader til kjernevirksomheten	Driftskostnader tufta på ny ressurstilordelingsmodell frå Agenda Kaupang - utrekna av Kinn kommune
8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Skuleskyss utrekna av Kinn kommune
9 Verdi- og inntektselementer	Kostnader knyttet til tomteverdi, restverdi, salgsverdi og evt. leieinntekt.

- Symjeopplæring i Måløy må sjåast i samheng med kommunen si oppfølging av vedtak knytt til KS sak 085/23 – Nordfjordbadet: Forretning og finansieringsplan, handsama i møte 12. juni 2023. Her vart det vedteke å gå inn med aksjekapital med føremål å realisere Nordfjordbadet som framtidig lokasjon for ma. symjeopplæring for grunnskulen i Måløy.



## 4.2 LCC – berekning (årlege driftskostnader)


LCC-kostnaden seier noko om årleg kostnad for bygningsdrifta, grunnskuledrifta, skuleskyss og nedbetaling av lån / kapitalkostnader.

Sal / avhending av eventuelle eigedomar er ikkje lagt inn som inntekt (konto 9). Investeringskostnad har heller ikkje med rivekostnad av nedlagde skuleanlegg.

LCC-analysa under syner at det er **store årlege effektiviseringsgevinstar og årlege innsparingspotensial** ved å gjere strukturelle endringar i grunnskulen. Alle tre moglegheitene er tufta på ny ressurstilodelingsmodell frå Agenda Kaupang og slik denne slår ut for kjøringa av kvar moglegheit. Merk at det kun er grunnressursane og leiarressurs som er lagt inn som innsparing i M2 og M3. Truleg vil det og vere eit potensiale for å redusere på delar av elevkostnadane i modellen.

**I moglegheit 1** er det trong for om lag **kr. 13 mill.** mindre utgifter pr. år samanlikna med ei vidareføring av dagens situasjon. Kr. 8 mill. kjem frå ei meir effektiv bygningsdrift og mindre behov for investeringar i denne moglegheita, skuledrifta står for om lag kr. 5 mill. i reduserte kostnader.

**I moglegheit 2** vil kommunen kunne drifte grunnskuletenestene med om lag **kr. 19,4 mill.** mindre utgifter pr år enn i moglegheit 0. Her bidreg nedtrekk i skuledrifta med nær kr. 10. mill. og nær kr. 9,5 mill. i meir effektiv bygningsdrift kombinert med meir målretta bruk av investeringsmidlane.



I M1 og M2 nyttar kommunen investeringane i større grad til å modernisere bygningsmassen – framfor å nytte store ressursar på vøling og vedlikehaldsetterslep. Slik vil M1 og M2 også vere eit eigedomsstrategisk grep.

# Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 1 Versjon: Rapport



Samandrag av kostnadskomponentane er synt under. For dei verksemdbaserte kostnadane innan skule er det nytta ny ressurstilordningsmodell (Agenda Kaupang) som grunnlag for grunnskuledrifta og skuleskyssen er utrekna av Kinn kommune tufta på prognoseføresetnadane og kostnadsnivået til skys i kommunen.

Tabellen nedenfor viser et sammendrag av resultatene fra LCC-analysen. Den viser årskostnaden (ÅK) per konto iht. NS3454 og Norsk Prisbok

Alternativ	LCC (ÅK) NS3454								Årleg vurdert Innsparingspotensial M1 og M2	
	1 Investeringstostnader	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utskiftning og utviklingskostnader	5 Forsyningskostnader	6 Renholds-kostnader	7 Driftskostnader grunnskule ny tildelingsmodell	8 Skoleskyss		SUM [ÅK]
Moglegheit 0	41 104 463	3 207 628	3 733 638	16 289 620	4 857 678	9 684 030	0	0	78 877 057	0
Moglegheit 1	38 264 771	2 741 271	3 267 281	14 116 536	4 176 264	8 263 704	-5 100 000	76 000	65 805 827	-13 071 230
Moglegheit 2	37 933 124	2 507 303	3 033 313	12 957 706	3 834 402	7 551 136	-9 700 000	1 360 400	59 477 384	-19 399 673

For skuleskyssen er dette motsett. Her vil strukturar som gjev større og færre skular - auka skyssbehovet.

For kostnadane knytt til bygningsdrift er det nytta rekneskapstal frå 2022. Eigeomsavdelinga har vore med i LCC-analysane. På utskiftningskostnadane er det nytta erfaringstal frå Norsk prisbok 2-2023 (siste versjon august 2023).

LCC-modelleringa i detalj under:

LCC per alternativ													
Alternativ 0	Bygningsskategorier	Nøkkeltall bygningssmasse			LCC (ÅK) NS3454								
		Existerende areal (m² BTA)	Areal i analysen (m² BTA)	Kostnad	1 Investeringstostnader	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utskiftning og utviklingskostnader	5 Forsyningskostnader	6 Renholdskostnader	7 Service-/støttekostnad til Njervevirksomheten	8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Sum ÅK
Alternativ 0	Fløra barneskule	Barneskule	4 600	4 600	121 600 000	8 951 474	902 536	925 706	1 399 482	589 858	1 229 488	0	13 813 704
	Krokane skule	Barneskule	3 014	3 014	75 460 000	0	0	0	1 310 095	386 485	805 582	0	8 406 137
	Tomtegrane skule	Barneskule	3 400	3 400	3 150 000	224 372	298 384	298 384	1 477 878	455 982	908 752	0	3 443 752
	Brandøy skule	Barneskule	1 700	1 700	0	0	149 132	149 132	738 939	217 991	454 376	0	1 709 600
	Fløra ungdomsskule	Ungdomsskule	6 000	6 000	3 950 000	281 355	526 560	526 560	2 819 880	896 520	1 570 260	0	6 561 135
	Raudberg skule	Barneskule	1 800	1 800	6 200 000	0	0	0	898 028	264 923	552 200	0	4 622 251
	Skavoy skule	Barneskule	2 000	2 000	36 713 000	2 615 039	381 312	381 312	898 028	264 923	552 200	0	4 622 251
	Skavoy skule inkl. Raudberg	Barneskule	3 500	3 500	374 793 000	24 452 531	368 552	368 552	1 625 624	538 564	1 122 576	0	30 754 451
	Skavoy skule med gymnas	Ungdomsskule	5 100	5 100	0	0	447 576	447 576	2 396 898	711 042	1 334 721	0	5 337 813
	Vilgøy ungdomsskule	Ungdomsskule	4 170	4 170	0	0	365 959	365 959	1 959 817	581 381	1 091 331	0	4 354 447
	Ellefjord barne- og ungdomsskule	Ungdomsskule	1 000	1 000	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-7 600
Skavoy skule	Barneskule	1 000	1 000	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 700 000	
Sum		36 284	36 550	577 073 000	41 104 463	3 207 628	3 733 638	16 289 620	4 857 678	9 684 030	0	78 877 057	

## 4.2.1 Inntekter – sal / avhending av eigedomar

Det er ikkje lagt inn inntekter frå sal eller avhending av eventuelt nedlagde skular. Arbeidsgruppa tilrår at etterbruk av eventuelle eigedomar som skal avhendast, vert førelagt politisk mynde som egne saker. Fleire av eigedomane kan og vere attraktive i høve alternativ bruk – enten i kommunal eller privat regi.

Erfaringsmessig vil mange nærmiljø ønskje å etablere privat grunnskuletilbod i nedlagde kommunale bygg. Arbeidsgruppa tilrår at kommunen tidleg - knesett prinsippet om at nedlagde skular ikkje skal nyttast til skuleføremål. Ein slik bruk vil resultere i at kommunen sitt innsparings- og effektiviseringspotensial ikkje vert reelt.

Det er ikkje lagt inn rivekostnad i investeringskostnada i moglegheit M1 og M2.